

## SAK 27/24 STØTTE TIL RINGHALL ALLIANSEN

### Saksopplysning:

Ringhall-Alliansen søker om økonomisk støtte frå Rådet for Ringeriksregionen og Regionrådet for Hallingdal for oppstart og utvikling av RingHall-Alliansen. Dette partnerskapet mellom Ringerike og Hallingdal skal jobbe med for rammevilkår og tiltak som fremmar næringslivet i begge regionane.

RingHall-Alliansen rettar seg mot sentrale, regionale og lokale aktørar med mynde eller moglegheit til å påverke vilkåra for næringslivet i Ringerike og Hallingdal.

Ringhall-Alliansen har eit finansieringsbehov på om lag 2 mill fram mot Stortingsvalet 2025.

250 000 frå kvar av dei to Regionråda, til saman kr 500 000

500 000 frå kvar av sparebank 1 stiftingane i dei to regionane, til saman 1 mill

500 000 frå medlemsbedrifter

Midlane skal nyttast til å finansiere oppstartskostnader knytt til strategiarbeid, marknadsføring, og gjennomføring av ulike tiltak som er i tråd med måla for RingHall-alliansen og regionane. Dette inkluderer etablering av digitale plattformer og ressursar som kan nyttast av alle medlemmer av alliansen. Det brennande behovet no, gjeld prioritering av Fellesprosjektet Ringeriksbanen og E16 inn i Nasjonal Transportplan.

### Vurdering:

Søknaden om støtte kom for seint til at den vart med på ordinær utsending av saker. Det har derfor ikkje vore tid til god nok saksførebuing. Regionrådet må difor ta stilling til om dei vil ha saka opp no.

Ringhall-alliansen har presentert seg for Regionrådet tidlegare og Regionrådet har støtta initiativet. Først kan det sjå ut som om alliansen har jobba mest med samferdsels spørsmål, og at det er nokre få eldskjeler som har drive dette arbeidet fram. Det påverknadsarbeidet som har vore gjort så langt har vore av høg kvalitet, det har fått støtte politisk og Regionråda har heile vegen vore godt informert om arbeidet i alliansen. I Ringeriksregionen har arbeidet vorte støtta av Ringerike næringsforening, i Hallingdal har arbeidet vorte gjort og støtta av nokre få medlemmer. Dagleg leiar meiner det er grunn til å skryte av jobben som er gjort, tanken bak og resultatet så langt, men stiller spørsmål ved forankringa i næringslivet i Hallingdal og økonomien bak. Det er grunn til å tru at både breidden, forankring og økonomi kan betre seg når etableringa har vorte betre kjent.

Ringhall-alliansen har høge målsetningar og har sett i gong kostnadskrevjande tiltak for å nå desse måla. Fram til no har det vore få medlemsbedrifter og dermed er den økonomiske situasjonen svært usikker. Ringhall-alliansen har vorte sett i drift før potensielle støttespelarar har kome seg på plass. Det hadde vore ein styrke om økonomien var avklart før ein set tiltak i bestilling.

Sparebankstiftelsen på Ringerike har støtta alliansen kr med 500 000

Sparebankstiftelsen i Hallingdal/Valdres har først ikkje støtta alliansen, men skal behandle saka 21. mars

Ordførarutvalet i Ringerike innstiller på avslag når ska skal opp i Regionrådet 13. mai.

Dagleg leiar meiner økonomien burde vore avklara tidlegare og at ein allianse for næringslivet bør finansiere seg sjølv. Om Regionrådet for Hallingdal likevel ser at me har nytte av den kompetansen Ringhall-alliansen har, eller at Ringhall tek ein ekstraordinær jobb på eit område der ansvaret er delt, bør ein vurdere støtte frå gong til gong.

**Forslag til vedtak:**

Regionrådet avslår søknaden frå Ringhall-alliansen

Hallingdal, 20. mars 2024

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar